



Bygg Prosjekt As
Roy Njåstad
Fantoftvegen 16
5072 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3023 - 17/116

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
03.01.2017

Mellombels bruksløyve - VA-anlegg Veg 8 og 9 - gbnr 134/471 Hilland

Administrativt vedtak. Saknr: 001/17

Tiltakshavar: Alversund Utvikling As
Ansvarleg søkjar: Bygg Prosjekt As
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 17.02.2010 i sak 2009/2562.

Søknad om mellombels bruksløyve gjeld veg 8, veg 9 og felles VA-anlegg fram til kum 59/slamavskiljar.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: **31.07.2017**

Det vert elles vist til søknad motteken 15.12.2016.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for felles VA-anlegg fram til kum 59/slamavskiljar på fylgjande vilkår:

1. Det skal leverast «as built teikningar» av VA-anlegget før det gis ferdigattest.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan **31.03.2017**.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32.

Mynde



Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas spørsmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3023

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Alversund Utvikling As Fagernes 4 5043 BERGEN

Mottakarar:

Bygg Prosjekt As Fantoftvegen 16 5072 BERGEN